



Optimistisk trio: Kjersti Børve, Bente Nilsen og Gunn Mari Moberg

**Suksessbutikken SPAR har auka budsjettet sitt med 7 prosent og reknar med ein auke i marknadsandelen i samband med utbyggjinga som snart er fullført. Kostnaden ved satsinga ligg på 7-8 millionar. Butikken hadde i fjor ein omsetnad på rundt 32 millionar og det er svært mykje for ein landsens butikk.**



50 bilar kan parkera ved SPAR

No er innspurten i utbyggjingsprosjektet i gang og neste fredag klokka 12 finn opninga stad med stor festiivitas - mellom anna snorklypping og jazz. Dagleg leiar Bente Nilsen er svært fornøgd med byggjeprosessen som har gått smertefritt og med det gode samarbeidet som har herska mellom alle dei involverte. Det gjeld ikkje minst kundane, som ikkje har sluppe ut ei einaste klage

SPAR har no ei flate på 1000 kvadratmeter og av det er 650 kvadratmeter rein butikk. Innreiinga er gjennomført smakfull og stilig med omsyn til dekor - med ein liten pluss for hjørmet der mjølkeprodukta står.

Ute står rundt 50 parkeringsplassar til disposisjon. Plassen for funksjonshemma ligg noko kronglete til, men leiinga lovar ei justering. Det står også att ei justering av adkomsten som er for trang, men her er det kommunen som sit med ansvaret.

For at alt skal bli klårt til opninga vil det vera naudsynt å stengja butikken i 3 dagar til veka - tysdag, onsdag og torsdag. Posten vil her vera eit unntak, men her er det berre mogeleg å henta post for dei som har boksar.

Butikken har ikkje stengt ein dag så langt i samband med prosjektet, men no må det skje fordi nye hyller med ny design skal inn. Og det blir ein hard jobb kommande helg og til veka - også for familien.

- Kvar skal SPAR henta dei nye kundane - er det frå Herøysund som no ikkje lenger har nokon butikk?

- Vi har ingen bestemt strategi i så måte. Alle er velkomne uansett og så langt har vi hatt mange kundar som vi ikkje kjenner heimstaden til. Men dette er jo ein konkurranseutsett bransje og alle ynskjer nye kundar heile tida, seier sjefen for butikken som har ei spesiell påskrift på kassalappen.

Der står det at du har handla hos Noregs beste servicemedarbeidarar og at butikken er kåra til landets beste servicebutikk.

Ho har ingen planar om å auke tale på fast tilsette. Dei er og blir 14.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Posten er ein triveleg krok